

Tilgjengelegheit for samisk og andre nasjonale minoritetsspråk

Sjur Nørstebø Moshagen

Sametinget i Noreg

sjur.moshagen@samediggi.no

Samandrag

Det finst i dag eit nytt syn på dei språklege minoritetane og ein vilje til å støtta dei og gjera rett for gamle synder i den politiske leiinga i dei nordiske landa. Dette er nedfelt i nye språklover for minoritetsspråka. Dei nye lovene får konsekvensar for korleis tenestemenn og myndigheiter skal møta minoritetsspråka og handtera dei til beste for talarane og språksamfunna, og ikkje fyrst og fremst med tanke på storsamfunnet.

Språkteknologien tilbyr ulike hjelpemiddel for å setja intensjonane bak dei nye lovene om til ein fungerande praksis, slik at minoritetsspråkstalarane kan bruka språka sine utan at dei dermed blir stempla som andrerangs borgarar, men heller kan vera stolte over sin eigen kultur og språket som ber han. Berre på det viset kan vi gje språksamfunna den styrken som trengst for at språka skal halda fram som bruksspråk, og bli førde vidare til neste generasjon.

Innleiing

Forholdet mellom majoritetsspråk og minoritetsspråk er komplekst og problematisk og har ikkje vorte lettare av dei skiftande politiske straumdraga, fordomar, kunnskapsløyse og manglande språkkunnskap. Men dei ikring siste 20 åra har storsamfunnet sitt syn på minoritetane vorte kraftig endra og har nått eit nytt punkt i og med innføringa av språklover som skal styrkja og verna minoritetsspråka.

I denne artikkelen går eg raskt gjennom hovuddraga i tidlegare språkpolitikk og jamfører han med ideane i den nye språkpolitikken overfor minoritetane. Deretter problematiserer eg kva som ligg i omgrepet tilgjengelegheit når det gjeld minoritetsspråk, før eg diskuterer på kva måte språkteknologien kan støtta minoritetsspråka i denne samanhengen.

Atterhald: eg tek berre opp samisk her, sidan det berre er samisk eg veit nok om. Men eg vil tru at hovudtrekka i skildringa og dei moglege løysingane eg føreslår langt på veg kan overførast på andre minoritetsspråk.

Språkpolitikken overfor minoritetane

Språkpolitikken på 1800- og 1900-talet

Språkpolitikken hadde som mål å integrera dei ulike minoritetane i storsamfunnet. Denne integreringstanken tok seg mange uttrykk, og kanskje sterkast av dei alle var at minoritetane vart nekta retten til sitt eige språk. Det språklege målet med integreringa var at alle minoritetane skulle prata majoriteten sitt språk.

Konsekvensane av denne språkpolitikken har vore eit stort språkbyte frå eige språk til majoritetsspråket slik at mange samiske samfunn er (så godt som) heilt svensk-, norsk- og finskspråklege i dag. For kvar enkelt av talarane førde dette språkbytet svært ofte med seg traumatiske opplevingar og eit problematisk forhold til sin eigen kultur.

Språkpolitikken på 2000-talet

Prisen for den gamle integreringspolitikken kom etter kvart meir og meir til syne, samtidig som sympatien for og kunnskapen om minoritetsspråka auka hos majoritetsbefolkninga. Dette har ført til eit grunnleggjande nytt syn på minoritetane, der kvar enkelt minoritet og kultur har ein sjølvskriven rett til sin eigen eksistens. Idealet no er eit fleirspråkleg og fleirkulturelt samfunn der alle språk lever side om side, i lag med at ein – i alle fall indirekte – tek på seg eit visst ansvar for tidlegare ugjerningar, og no prøver å (re)vitalisera og styrka minoritetsspråka.

I Sverige er desse nye måla m.a. uttrykt i "Lag (2009:724) om nationella minoriteter och minoritetsspråk"¹, § 4 og 8:

4 § I språklagen (2009:600) anges att det allmänna har ett särskilt ansvar för att skydda och främja de nationella minoritetsspråken.

8 § Enskilda har rätt att använda finska, meänkieli respektive samiska vid sina muntliga och skriftliga kontakter med en förvaltningsmyndighet vars geografiska verksamhetsområde helt eller delvis sammanfaller med minoritetsspråkets förvaltningsområde. Detta gäller i ärenden i vilka den enskilde är part eller ställföreträdare för part, om ärendet har anknytning till förvaltningsområdet.

Om den enskilde använder finska, meänkieli eller samiska i ett sådant ärende, är myndigheten skyldig att ge muntligt svar på samma språk. Enskilda som saknar juridiskt

¹ <http://www.notisum.se/rnp/sls/lag/20090724.htm>

biträde har dessutom rätt att på begäran få en skriftlig översättning av beslut och beslutsmotivering i ärendet på finska, meänkieli respektive samiska.

Myndigheten ska även i övrigt sträva efter att bemöta de enskilda på dessa språk.

Finland har eit liknande lovverk som det svenske, og Noreg har det samiske forvaltningsområdet, som gjev samisk offisiell status i dei kommunane det gjeld, og dermed ein synleg plass i samfunnet. Noreg arbeider med ei samisk språklov.

Konsekvensane av den nye politikken

Kjernen i all språkstyrking er å få fleire talarar og brukarar av språket. Då må språket kjennast relevant og nyttig – det skal vera bruk for språket, og ikkje berre til fest. Innhaldet i den nye lova sitert ovanfor er nettopp å gjera det mogleg å bruka språket for det domenet som lova kan regulera, nemleg møtet mellom individ og myndigheiter.

Meir allment vil eit viktig verkemiddel i språkstyrkingsarbeidet vera å auka talet på domene for språket, dvs. at det blir naturleg å bruka språket på nye samfunnsområde. Eit ideal for minoritetsspråkssamfunna er at dei skal kunna fungera heilt på det eigne språket, og at kommunikasjonen med storsamfunnet skjer på premissane til minoritetsspråket.

Kva vil eit slikt ideal føra til? Det krev at staten kommuniserer med minoriteten på minoriteten sitt språk. Det krev òg sjølvsagt at den interne kommunikasjonen i minoritetssamfunnet skjer på det eigne språket, uavhengig av storsamfunnet.

Dette er ikkje det same som å isolera minoritetsspråka frå majoritetssamfunnet — det er i praksis ikkje mogleg, og heller ikkje eit mål. Det handlar derimot om å gje språka tilbake ei naturleg rolle og funksjon i kvardagen, ikkje berre på kjøkenet, men òg i samfunnet utanfor.

Stoda i dag

Kva er så situasjonen i dag når det gjeld å omsetja desse måla og lovene i praksis? La oss fyrst sjå på *statsadministrasjonen*. Den svenske staten har berre nokre få representasjonssider på samisk, og ikkje noko eigentleg innhald meint for faktisk kunnskapsoverføring og vesentleg kommunikasjon. Den norske staten har byrja å byggja opp ein reelt fleirspråkleg administrasjon, men det er sjølvsagt langt att der òg. Og på norsk side er det berre det største samiske språket (nordsamisk) som har fått plass på dei offentlege sidene. ”Samisk” fungerer altså som eit synonym for nordsamisk, og det fører til ei usynleggjing av dei andre samiske språka som går stikk i strid med intensjonane i det nye lovverket. Den finske riksdagen presenterer seg på fire språk: finsk, svensk, engelsk og fransk. Det finst ikkje spor av samisk. Den finske regjeringa har nettstaden sin berre på tre språk (dei har droppa fransk). Ikkje spor av samisk der heller.

Sametinga er ikkje mykje betre. Dei svenske, norske og finske sametinga blir i all hovudsak administrerte på svensk, norsk og finsk, og ikkje på samisk. Heimesidene deira gjev eit liknande bilete, sjølv om det der er litt ulik praksis mellom dei. Det svenske sametinget har framsida berre på svensk, og med enkeltartiklar på fleire språk. Menyane er på svensk (med samiske ”tooltips”), og heile nettstaden gjev eit klårt signal om at svensk er det viktigaste språket. Det norske sametinget er litt betre, der kan ein velja språk for heile portalen, ikkje berre for enkeltartiklar. Men det norske sametinget fører den same usynleggjinga av lule- og sørsamisk som den norske staten – samisk er berre nordsamisk. Det finske sametinget er det som har den klårt beste språkprofilen. Der er alle dei tre samiske språka i Finland behandla likt, og heile nettstaden er i prinsippet tilgjengeleg på fem språk (finsk og engelsk i tillegg til dei tre samiske). Der ein artikkel ikkje finst på det valde språket, er dette tydeleg merkt, med ei lenke til artikkelen på eit anna språk.

Haldningane og forventingane folk har til språk blir sjølvsagt farga av verda omkring. Dei signala dei offentlege institusjonane, både dei statlege og dei samiske, gjev når det gjeld

innstillinga til samisk er ikkje bra sjølv om det har vorte betre. Ein skal difor ikkje forundra seg om ein samisktalande person ikkje ventar seg å bli møtt på eige språk av statsadministrasjonen, og knapt nok av sin eigen administrasjon. Heller ikkje skal vi forundra oss over at det framleis er samar som ikkje ser vitsen med å prata samisk.

Langsiktig målsetjing

På lang sikt må målet vera at alle samiskspråklege skal ta det som sjølvsagt at dei blir møtte på eige språk av viktige instansar, både lokalt og sentralt. Det betyr at alle sametinga skal fungera primært på samisk, at vesentleg korrespondanse mellom sametinga og staten skal skje på samisk, og at kommunikasjonen med storsamfunnet alltid bør forfattast på samisk når målgruppa inkluderer den eigne minoriteten. Omsetjingar skal gå frå minoritetsspråka til majoritetsspråket, og ikkje omvendt.

Tilgjengelegheit

Tilgjengelegheit betyr i denne samanhengen to ting: at staten skal vera tilgjengeleg på minoritetsspråka – reelt, og at minoritetsspråka skal gjerast tilstrekkeleg tilgjengelege for storsamfunnet, utan at minoritetsspråksbrukarane treng å byta språk. For begge desse oppgåvene kan ein bruka språkteknologi.

Tilgjengelege myndigheiter

Det at myndigheitene er tilgjengelege for både individ og minoritetssamfunn fører med seg at individ og minoritetssamfunn skal bli møtte på eige språk, munnleg som skriftleg. Dette er ein grunnleggjande rett, og noko det er viktig at det ikkje blir stilt spørsmål ved. Det å stilla spørsmål ved retten til å bruka eige språk for ein minoritet, blir eit framhald av den gamle koloniale haldninga, og eit framhald av språkundertrykkinga av minoriteten.

Den førre generasjonen vart fråteken språket. Dersom neste generasjon ikkje vert gjeven denne retten t.d. fordi dei blir oppfatta som sterkare på majoritetsspråket enn på minoritetsspråket, tek ein i praksis ifrå dei retten til å ta tilbake språket — og språkdauden er eit faktum.

Minoritetsspråka tilgjengelege for storsamfunnet

Eit anna mål er at minoritetsspråkstalarane skal sleppa å byta språk heile tida, det underminerer arbeidet med å gjera minoritetsspråka funksjonelle i samfunnet. Samtidig vil det vera til stor nytte å gjera det eigne samfunnet ope for innsyn frå storsamfunnet, t.d. ved å gjera det eigne språket tilgjengeleg for majoriteten med ulike hjelpemiddel. Dette vil òg på sikt auka storsamfunnet sine kunnskapar om minoritetssamfunna.

Tilgjengelegheit slik det er skildra her krev språkkunnig personale, språkopplæring (både for å ta tilbake språket og som eit tilbod til andre interesserte), tolking, omsetjing og skrivestøtteprogram, alt slikt som i sin tur kan ha stor nytte av språkteknologi.

Språkteknologi

For samisk finst det allereie ein del tilgjengeleg språkteknologi og språkteknologiske produkt og ressursar:

- korrekturprogram: divvun.no
- språklæringsprogram: oahpa.uit.no
- elektroniske ordbøker med morfologisk analyse: giellatekno.uit.no
- terminologisamlingar: risten.no, tnc.se
- maskinomsetjing av Google-kvalitet (giellatekno.uit.no: nordsamisk-norsk, prototypar for nordsamisk-sørsamisk og nordsamisk-lulesamisk)

- snart: omsetjingsminne (dette krev parallellkorpus, som finst på giellatekno.uit.no, mest nordsamisk-norsk)
- snart: talesyntese for nordsamisk

Dei fleste av desse ressursane og verktya er utvikla av to grupper i nært samarbeid: Divvun-gruppa frå Sametinget i Noreg, og Senter for samisk språkteknologi ved Universitetet i Tromsø. Ressursane er fritt tilgjengelege, og er så langt som råd utvikla med verkty basert på open kjeldekode.

Språkteknologi kan bli eit viktig hjelpemiddel for å auka tilgjengelegheita og høva til å bruka minoritetsspråka. Her er nokre døme:

- retteprogram som gjer det lettare for språkbrukarane å skriva språket sitt, og dermed auka tekstproduksjonen og bruken av språket; kjensla for rettskriving og godt skriftspråk er svak på grunn av tidlegare språkpolitikk, og retteprogramma blir ei viktig støtte i ein slik samanheng
- elektroniske oppslagsverk og andre verkty til bruk ved tolking
- manuell omsetjing frå majoritetsspråk til minoritetsspråk, med støtte frå omsetjingsminne, maskinomsetjing, ordbøker, terminologi og korrekturprogram; kvaliteten må vera bra, målet er å produsera fullverdige omsetjingar (t.d. av lærebøker)
- maskinomsetjing frå minoritetsspråket til majoritetsspråket, kvaliteten treng ikkje vera høg, målet er å gjera ein tekst på eit minoritetsspråk forståeleg for majoriteten
- tverrspråklege søkjesystem som gjer det mogleg å søkja på sitt eige morsmål, og få treff både på minoritetsspråkstekstar og tekstar på majoritetsspråket.

Ressursbehov for språkteknologiske hjelpemiddel

Kva trengst for å utvikla språkteknologisk støtte for eit nytt språk eller språkpar? Det grunnleggjande er å byggja opp morfologisk og syntaktisk analyse for språka det gjeld, og deretter å samla inn og byggja opp eit korpus, helst eit parallellkorpus om ein vil gjera noko med to- og fleirspråklege behov.

Miljøet ved Sametinget og Universitetet i Tromsø har etter kvart lang erfaring med dette arbeidet. Vi bruker nesten berre regelbasert teknologi – erfaringane våre har vist at det er det einaste fungerande for morfologisk rike språk, og for språk med få elektroniske ressursar. Regelbasert teknologi treng i fyrste omgang morsmålstalarar som kan skriva grammatikkar og ordbøker som kan gjerast om til dataprogram, i mindre omfang tekstsamlingar og store tekstmasser, i motsetnad til statistiske metodar. Statistiske metodar krev store tekstmengder som ein kan byggja statistiske modellar på, og så store tekstmengder som slike metodar krev, finst nærmast aldri for minoritetsspråk.

Oppsummering

Det offisielle synet på minoritetar og minoritetsspråk har heldigvis endra seg, og dei har fått ein grunnleggjande rett til likebehandling på eige språk, og ein rett til å bruka og føra språket vidare til neste generasjon. Dette set krav til samfunnet omkring, men mange av dei nye oppgåvene som fylgjer med desse krava kan gjerast vesentleg lettare med språkteknologi.

Situasjonen for samisk er relativt bra, med mange nye hjelpemiddel utvikla dei siste åra. Men mange av hjelpemidla er heilt klart i fyrste versjon og treng vidare utvikling. Eit anna minus for brukarar i Sverige og Finland er at fleire av dei samiske fleirspråklege ressursane er mest utvikla mot norsk. Infrastrukturen og språkteknologien som er brukt er sjølvstøtt språk-uavhengig, men like sjølvstøtt er språkressursane språkbundne, og altså med mest norsk.

Med språkuavhengig språkteknologi og ein fungerande infrastruktur er nye språk og språkpar "berre" eit spørsmål om arbeid, til dels mykje arbeid. Men sidan språkteknologien

som blir brukt er regelbasert, er det likevel mogleg og overkommeleg å byggja språk-teknologiske hjelpemiddel for minoritetsspråk med knappe ressursar.

Det finst altså teknologiske og delvis ressursmessige føresetnader for å byrja å oppfylle intensjonen bak t.d. den svenske lova som vart sitert tidlegare. Det viktigaste er likevel at minoritetsspråka blir brukte – utan bruk døyr språka. Deretter trengst det at denne bruken tydeleg og klårt blir oppmuntra av storsamfunnet, og ikkje motarbeidd som tidlegare. Dei nye lovene og utviklinga i samfunnet dei siste 20 åra er slik sett løfterike – det finst enno håp om at minoritetsspråka kan overleva dei neste hundre åra, men det krevst innsats no.

Referansar for vidare lesnad

- Langgård, P. & T. Trosterud (2008). *Language Technology to Strengthen Indigenous Languages*. Presentasjon på "The Arctic Indigenous Languages Symposium" i Tromsø, pdf tilgjengeleg på http://giellatekno.uit.no/background/Technology_to_Strengthen.pdf.
- Sarasola K (2000). *Strategic priorities for the development of language technology in minority languages*. In: LREC (2000), pp 106–109.
- SEG - Sami Ealahus-ja Guorahallanguovddas – Samisk Nærings- og Utredningssenter (2000): *Undersøkelse om bruken av samisk språk*. Tilgjengeleg på https://victorio.uit.no/freecorpus/orig/nob/admin/sd/other_files/Bruken_av_samiske_språk_2000.doc.
- Skutnabb-Kangas, Tove (2010). Education of Indigenous and Minority Children. In Fishman, Joshua A. & García, Ofelia (eds) *Handbook of Language and Ethnic Identity. Disciplinary and Regional Perspectives*. Volume 1. 2nd revised edition. Oxford: Oxford University Press, 186–204.
- Somers, Harold (2004). *Machine Translation And Welsh: The Way Forward*. A Report for The Welsh Language Board. Pdf tilgjengeleg på [http://www.mti.ugm.ac.id/~adji/courses/resources/doctor/MT_book/Machine%20Translation%20and%20Welsh%20\(PDF\).pdf](http://www.mti.ugm.ac.id/~adji/courses/resources/doctor/MT_book/Machine%20Translation%20and%20Welsh%20(PDF).pdf)
- Trosterud, Trond (2006). Grammatically based language technology for minority languages. I: *Lesser-Known Languages of South Asia*. Status and Policies, Case Studies and Applications of Information Technology. Mouton de Gruyter 2006 ISBN 978-3-11-018976-6. s. 293–316.